

Lom

Trafikksikringsplan

for Lom kommune 2017-2021

Fastsett av Kommunestyret, sak 40/2017, 31.08.2017

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Visjon og målsetjing	4
2.1	Visjon	4
2.2	Målsetjing	4
3.	Organisering av trafikksikringsarbeidet	5
3.1	Organiseringa i Lom kommune	5
3.2	Organisering nasjonalt og regionalt	5
	Staten	5
	Fylkeskommunen	5
4.	Oversikt over vegnett og status for ulykker	5
4.1	Vegnettet i Lom	5
4.2	Status for ulykker i kommunen	6
5.	Innsatsområde, tiltak og ansvarlege	8
5.1	Barnehagane – Trafikkopplæring og trafikksikring	8
5.2	Grunnskulen –Trafikksikring og trafikkopplæring	8
5.2.1	Loar skule	8
5.2.2	Lom ungdomsskule	9
5.3	Kulturavdelinga	9
5.4	Miljø, Teknisk, Nærings (MTN)	9
5.5	Helse	10
5.6	Eldre og funksjonshemma	10
5.7	Risikogrupper	10
5.8	HMS (internkontroll)	10
6.	Handlingsplanar og gjennomføring	11
6.1	Handlingsplan – førebygging	11
6.2	Handlingsplan – fysiske tiltak	12

1. Innleiing

Lom kommune har ein trafikksikringsplan frå 2010.

Gjeldande plan var klar for revidering og oppdatering, og i desember 2015 vart det vedteke å nedsette eit trafikksikringsutval med følgjande oppgåver/mandat:

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune opprettar med dette eit trafikksikringsutval/arbeidsutval med følgjande samansetning og oppgåve/mandat:

1. Trafikksikringsutvalet/arbeidsutvalet er eit fast utval som skal heite: Trafikksikringsutval.

2. Utvalet skal vere samansett av:

- Ordførar.*
- Ein representant frå Helsesektoren.*
- Ein representant frå MTN.*
- Ein representant frå Oppvekstsektoren.*
- Ein representant frå politiet v/Lensmannen i Lom.*

3. Trafikksikringsutvalet skal oppdatere og revidere trafikksikringsplan som skal leggjast fram til godkjenning.

4. Administrasjonssjefen utnemner sekretær for utvalet.

5. Trafikksikringsutvalet har òg ansvar for å söke om årlege tilskot frå Statens vegvesen.

Oppgåva med å revidere trafikksikringsplanen starta opp med ein gong, men litt ute i prosessen vart kommunen klar over moglegheita til å bli ein trafiksikker kommune. Samstundes var fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) rundt og besøkte alle kommunane i Oppland (i Lom 12.mai 2016), så arbeidet med planen vart litt sett på vent. Det vart da klart at kommunen måtte ha eit oppstartsmøte med Trygg Trafikk, og dette vart gjennomført 1.februar 2017, saman med representantar frå Vågå kommune.

Arbeidsoppgåver vart fordelt og delegert, da vegen til å bli ein trafiksikker kommune inkluderer ein godkjent trafikksikringsplan. Resultatet kan lesast her.

2. Visjon og målsetjing

2.1 Visjon

Likt med andre kommunar og Oppland fylkeskommune har Lom kommune ein *nullvisjon*, som inneber at ingen skal bli drepne eller hardt skadde i trafikken i kommunen.

2.2 Målsetjing

Lom kommune har som målsetjing å gjera trafikken i kommunen sikrast mogleg for alle trafikantar.

Trafikksikringsplanen skal vere ein reiskap for å planleggje, samordne og gjennomføre arbeidet med trafikksikring i Lom, og innehalde prioriterte førebyggande og fysiske tiltak med lokal og tversektoriell oppslutning.

Det er òg ei målsetjing å bli ein av dei trafikksikre kommunane i Oppland. For at kommunen skal bli godkjent som trafikksikker, må ulike kriterier være innfridd. Nedanfor er oversikten henta frå rettleiaren for å bli ein trafikksikker kommune:



- ✓ Kommunen har forankret ansvaret for trafikksikkerhetsarbeidet hos ordfører og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte etatsleder.
- ✓ Kommunen har et utvalg med ansvar for trafikksikkerhet.
- ✓ Kommunen har innarbeidet trafikksikkerhet i HMS/internkontrollsystemet som inneholder regler for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttjenester.
- ✓ Trafikksikkerhet er et årlig tema i kommunens arbeidsmiljøutvalg (AMU).
- ✓ Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- ✓ Trafikksikkerhet er en del av kommunens folkehelsearbeid.
- ✓ Kommunen har en trafikksikkerhetsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutiner. Planen ivaretar både trafikantrettede og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har et godt system for å behandle søknader om skyss pga. særlig farlig skolevei.
- ✓ Kommunen har oppfylt kriteriene for den enkelte sektor.

3. Organisering av trafikksikringsarbeidet


3.1 Organiseringa i Lom kommune

Det er opp til kvar einskilt kommune å organisere trafikksikringsarbeidet. For Lom kommune er det *formannskapet* som har det overordna ansvaret for alt trafikksikringsarbeid.

Trafikksikringsutvalet har ansvaret for å revidere trafikksikringsplanen. Utvalet er representert gjennom fleire sektorar, for å sikre brei medverknad og kompetanse frå fleire arenaer.

Utvalet skal blant anna oppdatere og revidere trafikksikringsplanen for Lom kommune som skal leggast fram til godkjenning.

Den administrative organiseringa i Lom kommune er delt i åtte tenesteområde:



3.2 Organisering nasjonalt og regionalt

Staten

Samferdselsdepartementet har eit overordna ansvar for trafikksikringsarbeidet i Noreg. Vegdirektoratet er fagorgan for trafikksikringsarbeid og har eit overordna ansvar for vegplanlegging, vegbygging, føraroplæring m.v.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har ansvar for samordning av trafikksikringsarbeidet i fylket. I Oppland fylkeskommune er dette lagt til fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

4. Oversikt over vegnett og status for ulykker

Lom kommune har 2360 innbyggjarar (SSB, pr. 1.januar 2017), totalt eit areal på 1968,56 km² (Kartverket), og ligg midt i Ottadalen. Kommunen har grenser mot Skjåk, Luster, Vågå, Vang og Lesja.

4.1 Vegnettet i Lom


I kommunen finn ein riksveg 15 (22,6 km, frå Vågå grense (Byrberg tunnelen) til Skjåk grense) og fylkesveg 55 (52,6 km, frå Fossbergom til grensa mot Luster/Sogn og Fjordane) som dei mest dominante vegane i vegnettet. Det er om lag 91,6 km fylkesvegar og 31 km kommunale vegen i Lom.

Det eksisterer 4,5 km gang- og sykkelvegar i kommunen, og det er planlagd om lag 3 km.

4.2 Status for ulykker i kommunen

Lom kommune har fått tilsendt ein samlerapport frå Statens Vegvesen med ulike grafar som viser trafikkuhell i kommunen i perioden 2012-2016. Dett er brukt oversikter frå denne samlerapporten i trafikksikringsplanen.

I Lom kommune har det sidan 2012 vore 15 (femten) trafikkulykker. Av desse vart 6 hardt skada.



Om ein fordeler mengda ulykker på dei ulike vegane i kommunen får ein denne tabellen:


Veg	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettare skadde
FV467	1	1	0	1	0
FV468	1	1	0	0	1
FV55	5	6	0	4	2
KV1012	1	1	0	0	1
RV15	7	7	0	1	6
Sum alle	15	16	0	6	10

I kommunen vart 6 personar hardt skadd og 10 personar lettare skadde i perioden 2012-2016. Dei fleste ulykka skjedde på Rv. 15 og Fv. 55.

Trafikksikringsplan – Lom kommune

Flest ulykker skjedde på ein torsdag (4). På tysdagar har det ikkje skjedd ei ulykke i perioden. Etter torsdag, kjem mandag, lørdag og søndag (3), og på onsdag og fredag (1).

Fordeler ein dei 16 ulykkene på månadene, får ein denne grafen:



Dei fleste ulykkene har skjedd om sommaren.

Det er *utforkøyringar* som dominerer uhellsategorien, og difor flest sjåførar av ulike motoriserte køyretøy som visast under dei ulike trafikantgruppene.

Uhellskategori - skadegrad

Uhellskode hovedkategori	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Annet	3	4	0	1	3
Fotg.ul	0	0	0	0	0
Kryssul.	2	2	0	1	1
Møteul.	1	1	0	0	1
Påkj.bakfra	0	0	0	0	0
Utforkj	9	9	0	4	5
Sum alle	15	16	0	6	10

Trafikantgruppe - skadegrad

Trafikantgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Bilfører	7	0	2	5
Bilpassasjer	1	0	0	1
Person lett MC	0	0	0	0
Person annen MC	4	0	2	2
Person moped	3	0	2	1
Person sykkel	0	0	0	0
Fotgjenger	0	0	0	0
Aker	0	0	0	0
Andre	1	0	0	1
Sum alle	16	0	6	10

Ut frå desse oversiktene ser ein at spesielt personar i motoriserte køyretøy er utsatt for ulykker. To (2) personar i alderen 15-17 år og to (2) personar i alderen 34-44 år er blant dei hardt skadde i ulykkene. Det same er ein (1) person i alderen 24-34 år og ein (1) person i alderen 60-64 år.

Det er også dei mest trafikkerte vegane i kommunen (Rv.15 og Fv.55) som har flest ulykker, og det er heller ingen overrasking at det skjer om sommaren. Flest hardt skada personar var det på Fv. 55.

5. Innsatsområde, tiltak og ansvarlege

I arbeidet med trafikksikringsplanen har representantane frå trafikksikringsutvalet gitt ulike oppgåver til tenesteleiarane. Tenesteleiarane er ansvarlege for at trafikksikringsarbeidet vert ivareteke innanfor sitt tenesteområde. Oversikta over førebyggjande tiltak ligg under pkt. 6 i ein egen tabell.

- Styrarane har ansvar for oppfølging i barnehagane.
- Rektorane har ansvar for skulane.
- Flyktningkonsulenten i samarbeid med vaksenopplæringa har ansvar for oppfølging overfor flyktningar (under Lom ungdomsskule).
- Kommunalsjef innanfor helse og velferd har ansvar for oppfølging innanfor sine område.
- Kommunalteknisk sjef har ansvar for oppfølging av vegnettet i samarbeid med fylke og vegvesen.
- Politivaka skal ha ansvar for førebyggande arbeid i samarbeid med kommunen.

5.1 Barnehagane – Trafikkopplæring og trafikksikring

- Barnehagen arbeider med at barna skal lære adekvat åferd og få gode haldningar i trafikken frå dei er heilt små.
- Barna får tidleg erfaring med å ferdast i trafikken ; i vogn og til fots. Dei blir gjort merksame på risiko og at det er viktig å bruke sansane sine.
- Dei eldste barna gjennomfører Trygg Trafikk sitt opplegg Tarkus.
- Ved utarbeiding av nye årsplanar frå hausten, vil dette bli nedfelt.
- Etter Trygg Trafikk sine tilrådingar er det berre 4 – og 5 åringane som kan kjøre buss. Barnehagane har kjøpt inn puter som alltid blir brukt på buss , og bussen må ha sikkerhetsbelte.
- Trafikksikkerheit er tema på foreldremøte på avdelingane rett etter oppstart av nytt barnehageår. Spesielt fokus på henting og levering .
- Bruk av refleksvestar ved ferdsel i trafikken.

5.2 Grunnskulen –Trafikksikring og trafikkopplæring

5.2.1 Loar skule

Trafikksikring

- Skulen gjev, i samarbeid med FAU, råd om at foreldre fylgjer Trygg Trafikk sine råd om sykling til og frå skulen.
- Gjev generell oppmading om å etablere gode haldningar for trygg ferdsel i trafikken, både hjå born og vaksne.
- Sikrar at alle elevane brukar belte i bussen før dei reiser.
- Har som rutine at vi ikkje nyttar privatbil til transport, utanom særskilde tilfelle som t.d. dersom ein elev blir sjuk/skadar seg på tur. Ein tilsett har alltid med seg privat bil dersom noko skulle skje.
- Elevane blir vande med å gå på trafikkert veg alt frå 1.klasse.
- Å ferdast trygt i trafikken er tema kvar haust ved skulestart når klassane byrjar å gå turar.
- Foreldre får oppmadingar om kvar dei kan levere og hente borna.
- Rutinane vert gått gjennom kvar haust ved oppstart av nytt skuleår. Det er alltid ein eller fleire vaksne som har hovudansvaret for turar, dei har også ansvaret for at desse rutinane vert fylgde.

Trafikkopplæring

- Nyttar opplæring gjennom Trygg Trafikk.
- Elevane i 1.-4.klasse har årleg gjennomgang av trafikkreglane ved å ferdast i trafikken på ulike gåtarar.
- Elevane i 5.-7.klasse har årleg sykkeldag med teori, øving og sykkelprøve. Dette er lagt til våren. Det er eit samarbeid med politiet.

5.2.2 Lom ungdomsskule

Trafikksikring

- Skolen gir, i samarbeid med FAU, anbefalingar til føresette om sykling til skolen.
- Passar alltid på at elevar er godt sikra i buss på turar i regi av skulen. Lærar/assistent sikrar.
- Sikringsaspektet vektlagt i val av transportør.
- Trygg Trafikk sine nettsider og deira undervisningsopplegg blir brukt..
- Elevane skal bruke undergangen frå/til busshaldeplassen til/frå skulen, også når dei har hatt kropssøving i Utgard.
- Lærarane blir oppmoda om å bruke hjelm når dei syklar til skulen og at dei bruker undergangen.
- Ha trafikksikring som tema på foreldremøte.

Trafikkopplæring

Kunnskapsløftets kompetanse mål:

- *Matematikk: gjere overslag og mellom anna beregne fart*
- *Naturfag: gjere greie for omgrepa fart og akselrasjon*
- *Samfunnsfag: Gje døme på korleis eit lovbroter behandles, diskutere årsaker til og følgjer av kriminalitet.*
- *Norsk: Lese novella: Att döda et barn*
- *Valfag: Vi vurder Trafikk som valfag*
 - Bruke ressursane som ligg på nettsida til Trygg Trafikk
 - Bruke politiet som ressurs i trakksikringsopplæring med tema
 - Mopedlappen/traktorlappen.
 - Å vere passasjer i ungdomsbil.
 - Bilkøyring og rus
 - Besøkje Trafikksikringssenteret med 10. klasse

5.3 Kulturavdelinga

- Stimulere og forsterke det friviljuge trafikksikringsarbeidet
- Sende ut informasjon til lag og foreiningar om eventuelle fylkeskommunale midlar til åferdsretta trafikksikringsstiltak
- Stimulere lag og foreiningar til å innarbeide reglar for transport med særleg fokus på transport av barn

5.4 Miljø, Teknisk, Næring (MTN)

- MTN har ansvar for kommunal drift og vedlikehald av kommunale vegar.
- Det er innarbeidd rutinar slik at trafikksikring i størst mogleg grad blir ivareteke.
- Teknisk avdeling planlegg og gjennomfører fysiske trafikksikringstiltak som er prioritert innanfor kommunen sine økonomiske rammer.
- Universell utforming og omsyn til trafikksikring vert i vareteke i all planlegging i kommunen.

5.5 Helse

- Kommunen har ansvar for førebyggjande helsearbeid ref. samhandlingsreforma.
- Helsestasjon - gir informasjon om sikring av barn i bil. Utdeling av Trygg Trafikk (TT) si brosjyre om sikring av barn i bil. I konsultasjonar med gravide og foreldre/ føresette, blir tema trafikksikkerhet og ulykkesforebygging teke opp. Utdeling av Helsedirektoratet si brosjyre «Barns miljø og sikkerhet» på ulike alderstrinn.
- Legetenesta – gje informasjon om faren ved kombinasjonen av legemiddel og bilkøyring.

5.6 Eldre og funksjonshemma

- Ha større fokus på informasjonsutveksling om trafikksikring.
- Ta omsyn til universell utforming i planlegginga i kommunen.
- Auke fokus på refleksbruk og verknad ved medikament og bilkøyring (Eldrerådet.)

5.7 Risikogrupper

- Innvandrarar - Informasjon om trafikksikring; hjelm, refleks, barn i bil og bruk av bilbelte.
- Sjåførar i som er ruspåverka; medikamentbruk eller annan rus.
- Ungdom – ulykkeutsette får tilbod om trafikksikringsinformasjon.

5.8 HMS (internkontroll)

- Lom kommune har eit fast trafikksikringsutval.
- Kommunen skal vere med på å innarbeide trafikksikring som ein del av det kommunale regelverket; tenestereiser og bruk av kommunale bilar.

6. Handlingsplanar og gjennomføring

Formannskapet har det overordna ansvaret for gjennomføring av trafikksikringsplanen.

Dette gjeld også ansvar for at tiltak som medfører økonomiske konsekvensar blir innarbeidd i plandokument som veg- og vegtrafikkplanar, økonomiplan/årsbudsjett m.m. før gjennomføring.

Handlingsplanane rullerast årleg.

6.1 Handlingsplan – førebygging

Nr.	Målgruppe	Tiltak	Ansvar	År
1	Unge	Systematisk samarbeid med politiet. Politiet brukt som ressurs i klassene, i foreldresamarbeid og elles ved behov når situasjonar oppstår.	Rektor//Lensmann	Kontinuerlig
2	Eldre	Oppfriskingskurs eldre bilførarar	Eldrerådet Statens Vegvesen	Etter behov
3	Barn og føresette	Tiltak for sikring av barn i bil	Helsesyster	Kontinuerlig
4	Mjuke trafikantar	Kampanje om bruk av refleks	Rektorar	Årleg
5	Flyktningar	Opplæring av flyktningar i generell trafikk-kunnskap	Vaksenopplæring/ Flyktningsteneste/ Lensmann	Årleg
6	Mjuke trafikantar	Kampanje bruk av hjelm ved sykling	Rektorar	Årleg
7	Kommunens innbyggjarar	Universell utforming	MTN	Kontinuerlig
8	Skulebarn	Sikringskrav til barn som har skuleskyss	Tenesteleiar oppvekst/rektorar	Kontinuerlig
9	Barn og føresette	Trafikktryggleik som tema på foreldremøte	Rektorar	Årleg
10	Kommunens innbyggjarar	Informasjon om bruk av legemidlar og trafikktryggeik	Kommunelege/ Helsesyster	Kontinuerlig
11	Gravide, foreldre/ føresette	Informasjon til gravide og foreldre/ føresette, spesielt med fokus på sikring av barn i bil. Utdeling av TT's brosjyre om sikring av barn i bil. Ulykkesforebyggande arbeid ved konsultasjonar med foreldre/ føresette på Helsestasjonen.	Jordmor, Helsesyster	Kontinuerlig
12	Foreldre/ føresette	Utdeling av brosjyre «Barns miljø- og sikkerhet» på ulike alderstrinn.	Helsesyster	Kontinuerlig

6.2 Handlingsplan – fysiske tiltak

Nr.	Målgruppe	Tiltak	Ansvar	Kostnad	År	Prioritet
1	Barnehagebarn og elevar i grunnskolen	Brubakken, reguleringsplan trafikkforhold	Kommunal veg. MTN	Kr 100 000,- +	2017	1
2	Barnehagebarn og elevar i grunnskolen	Brubakken, profil 10-365	Kommunal veg. MTN	3,4 mill. kr	2018	2
3	Barnehagebarn og elever i grunnskolen	Brubakken, profil 365-506	Kommunal veg. MTN	1,4 mill. kr	2019	3
4	Barnehagebarn og elever i grunnskolen	Belysning og rydding av sikteline i Knut Hamsuns veg	Kommunal veg MTN	Ikkje vurdert	2018	4
5	Barn og unge, generelt trafikantar	Gatelysanlegg, plan for utskifting, vedlikehald	Kommunale vegar og Fv. MTN	Egen innsats	2017	5
6	Barn og unge, generelt trafikantar	Fotgjengarovergangar sentrum, forsterka belysning	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	6
7	Barn og unge, generelt trafikantar	GS veg Fjellsenter- kryss RV15/FV467, vurdere krav til gatelys med drift	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	7
8	Barn og unge, generelt trafikantar	Busslommer i Vårdalen	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	8
9	Generelt trafikantar	Kryss til Øvre Ulstadveg, fri sikt	Kommunal veg. MTN	Kr 50 000,-	2019	9
10	Generelt trafikantar	Redusere fartsgrense frå 80km/t til 70km/t frå Frøyse til 50-sona i Garmo.	Rv.15. Statens Vegvesen	Ikkje vurdert	Snarast	10
11	Generelt trafikantar	Stenge for gjennomfart frå Røyskattlie forbi «pensjonatet» og Lom Helseheim. Ny varelevering til Lom helseheim er under planlegging, parallelt med ambulanse-køyringa til helseheimen. Tilrettelege med ny gangveg på andre sida av omsorgsbustadane i Krokmyna.	Lom kommune/ helse- og omsorg i samarbeid med prosjekterande	Ikkje vurdert	2017/2018	11
12	Generelt trafikantar	Prosjektere ny avkjørsel v/Bøverdalen kyrkje/Bakkebergsvegen	Fv.55 Kommunen	Ikkje vurdert	2017/2018	12
13	Generelt trafikantar	Merking av møtesoner og parkeringsforbod langs Sognefjellsvegen, mellom Breiseterdalen og Krossbu	Statens Vegvesen	Ikkje vurdert	Snarast	13